



# Kvinnherad kommune

Rådmannen  
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Hoffmann & Omland Sivilarkitekter



Saksbehandlar  
Ordføraren

Tlf. direkte innval  
907 40 595

Vår ref.  
2008/4050-125

Dykkar ref.

Dato  
19.02.2016

## Vedkjem anmodning om ny behandling - detaljreguleringsplan 64/160 - Sigmund Alsåker efft.

Viser til mitt brev av 05.01.2016 og dykkar svar av same dato.

De hevdar at dersom kommunestyret vedtek planen med motsegner slik at planen må gå til departementet, så er det stort sannsyn for at departementet vil godkjenne planen trass i motsegnene.

Som eg skreiv i førre brev, er det allereie brukt svært store ressursar på denne planen. Dersom dykkar planforslag med fritidshus og naust skulle bli godkjent av kommunestyret, vil det gå ytterlegare ressursar til mekling osv før planen eventuelt kan sendast til departementet. Eg er ikkje trygg på at departementet vil gjera eit anna vedtak enn fylkesmannen.

Planen er uansett ikkje endeleg godkjent og må leggjast ut til ny høyring og offentleg ettersyn og må behandlast på nytt i kommunestyret. Jmf Fylkesmannen i S&F sitt vedtak i klagesaka.

Eg har drøfta saka med administrasjonen og vi kan tilby dykk følgjande:

De utarbeider 2 alternative planforslag, det eine m/naust og fritidshus slik de ønskjer og det andre utan naust og fritidshus ihht kommunestyret sitt siste vedtak. Begge alternativa må visa utvida planområde i samsvar med vegvesenet sitt krav. Kostnadane med dette er kommunen uvedkomande.

Kommunen legg begge alternativa ut til høyring og offentleg ettersyn og fremjar dei vidare for endeleg godkjenning i kommunestyret.

Administrasjonen er klar på at rådmannen berre vil kunna tilrå planforslaget som er i samsvar med kommunestyret sitt siste vedtak av 23.10.2014.

Eg kan ikkje forskuttera resultatet av den politiske behandlinga, men de får i alle fall prøvd saka dykkar på nytt.

Med å fremja dette tilbudet ser eg meg ferdig med saka inntil vi får planforslag til ny politisk behandling. Eg bed dykk ta kontakt med administrasjonen i den vidare prosessen.

Med helsing  
Peder Sjo Slettebø  
Ordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Gisle Alsåker Lien, Olav P. Enes